



Gunnvor Dal Seilfaldet
Seilfallet 98
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1767 - 14/9854

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
12.09.2014

Delingssak Gbnr 45/44 Manger - søknad om frådelling til tomt for heilårsbustad - utsending av vedtak

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har i møte 3. september 2014 fatta følgjande vedtak:

«Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF.

Det vert gjeve dispensasjon frå byggegrense mot sjø og løyve til deling av gnr. 45 bnr. 44 for oppretting av ny grunneigedom med føremål heilårsbustad på følgjande vilkår:

- 1. Den nye grunneigedommen skal plasserast innafor areal med føremål bustad etter kommunedelplan for Manger.*
- 2. Eigedommen kan ha ein storleik på inn til 1 mål, naturleg arrondert i terrenget.*
- 3. Byggegrense mot sjø skal gjelde i ein rett line frå vegglivet på bustaden på gnr. 45 bnr. 44. til vegglivet på fritidsbustaden på gnr. 45. bnr. 120. Mindre terrenginngrep, som er naudsynt som del av grunnarbeidet for bustaden, kan førast opp innafor byggegrense mot sjø.*
- 4. Føresegner i kommuneplanen for Radøy og kommunedelplan for Manger gjelder.*
- 5. Utnyttingsgrad for eigedommen skal vere maks 25 % BYA.*
- 6. Bygning kan førast opp i inn til ein høgde med loft, alternativt ein høgde underbygd med kjeller.*
- 7. Høgde for topp møne skal følgje ein naturleg line i høve topp møne på gnr. 45 bnr. 44 og gnr. 45 bnr. 120. Det er ikkje høve til å føre opp bustad med gesims som høgaste punkt. Topp møne skal godkjennast av bygningsstyresmakta i byggesaka. Bygningsstyresmakta kan avslå søknad som ikkje stettar dette vilkåret.*
- 8. Bustaden skal ha ein arkitektonisk utforming og plassering som harmonerer med naturgitte og bygde omgjevnader.*
- 9. Bustaden skal tilpassast terrenget. Flatplanering av eigedommen skal unngåast og det kan ikkje førast opp større forstøttningsmurar eller større fyllingar.*

10. Eigedomen må ha rett til å føre fram leidningar for vatn og avløp, samt vegrett. Erklæring om rettar/pliktar må leggjast fram for kommunen for tinglysning.

Grunngjeving av vedtaket er at dei omsyna som ligg bak bygge- og deleforbodet ikkje vert vesentleg tilsidesett, og at fordelane ved å gje dispensasjon vert klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1m og § 19-2 jf. § 11-6 og § 1-8(3), jf. naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.»

Vedtaket vert sendt ut med klagerett og til naboane som hadde merknad til varsel om tiltak. Saka går vidare til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Delingssak Gbnr 45/44 Manger - ny grunneigedom for bustad - dispensasjon i frå byggjegrænse mot sjø og arealføremål LNF

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Kopi til:

Arve og Linda Hansen

Kristine Gundersen og Stig-Otto

Gjerde

Sindre Erstad og Vibeke A.Erstad

5936

MANGER

Mottakarar:

Gunnvor Dal Seilfaldet

Seilfallet 98

5936

MANGER